



Protokoll

1. Godkjenne dei som har stemmerett- *28 registrerte stemmeberettiga. 10 observatørar.*
2. Val av dirigent – *Arve Helle valt ved akklamasjon*
3. Val av protokollfører(ar) – *Øyvind Heimset Larsen valt ved akklamasjon*
4. Val av to representantar til å underteikne protokollen – *Sondre Bremer og Margrethe Svidal valt ved akklamasjon*
 - *Kristoffer Bidne og Håvard Flo vart fremja som teljekorps og valt ved akklamasjon.*
5. Godkjenning av forretningsordenen. - *Godkjend utan merknader*
6. Godkjenning av innkallinga – *Lagt ut 3.februar på heimesida. – Godkjend utan merknader*
7. Godkjenning av saklista – *Godkjend utan merknader*
8. Behandle årsmeldinga – *Årsmeldinga vart gjennomgått på skjermen. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend av årsmøte*
9. Behandle
 - *Rekneskapen til idrettslaget – Konst. dagleg leiar Ingrid Narum presenterte rekneskapen, konsernrekneskapen for alle selskapa. Ho kommenterte resultat, avvik frå budsjett, samfunnsbidrag og dugnadsinnsats.*
 - *Den økonomiske meldinga frå styret – Ingrid Narum viste også denne*
 - *Eventuell melding frå kontrollutvalet – Leiar Karin Vikane orienterte. Arbeidet har vore gjort utifrå rammene NIF føreset. Kontrollutvalet takka styre og administrasjon for samarbeidet og tilrår at rekneskapen vert godkjend.*
 - *Eventuell melding frå engasjert revisor – Levert og lagt ut på nettsida kvelden før årsmøtedag.*
 - *Denne vart vist på skjerm og kort kommentert på av dirigent.*
 - *Konst. dagleg leiar og styreleiar svara så på spørsmål frå årsmøte*
 - *Rekneskapen vart samrøystes godkjend og meldingane vart tekne til orientering av årsmøte.*
10. Behandle andre saker som kjem fram av godkjend sakliste.

Styret innstiller til tre saker.

Sak 1:

Styret innstiller til årsmøte å auke maksimalt låneopptak frå kr. 6 mill. til kr. 10 mill.

Ingrid Narum orienterte om bakgrunn og motivasjon for framlegget.

 - *Motforslag frå Vidar Vadseth om å halde på kr 6 mill som maksimalt låneopptak*
 - *Styret sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster av årsmøte.*

Sak 2:

Styret innstiller til årsmøte å sette opp medlemskontingent frå kr. 50 til kr. 100.

Ingrid Narum orienterte om bakgrunn og motivasjon for framlegget

 - *Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke etter kort drøfting av årsmøte*

Sak 3:

Styret innstiller til årsmøte prosedyre og taushetserklæring for samarbeidet mellom Kontrollutval og styret. Ingrid Narum orienterte om bakgrunn og motivasjon for framlegget.

 - *Kontrollutvalet orienterte om at dei har jobba etter denne prosedyra alt i år.*
 - *Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke*



Det er komme inn to saker innan fristen.

Forslag 1:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at sesongen som hovudregel skal begrensast til å føregå frå tidleg vår og til sein haust.

- Forslagsstillar Vidar Vadseth endra forslagsteksten han motiverte for ved å stryke «vere pådrivar og».
- Knut Armand Iversen la fram styret si tilråding. Han innleia med å vise til Hangeland-utvalet sine tilrådingar, mellom anna om å spele tidleg vår og sein haust. Så viste han til intervju med Erik Hoftun med TV2 nyleg. Internasjonale kampdatoar ligg fast til 2030. Vurderinga er at dette ligg fast til 2030 i Noreg og. NTF må i tilfelle be NFF ta opp ei slik sak på Forbundstinget.

Konklusjon: Styret i Sogndal Fotball ber om tilslutning til følgjande:

"Sogndal Fotball vil i førekant av eit eventuelt Forbundsting, invitera til eit medlemsmøte der temaet omlegging av seriesystemet vert gjenstand for diskusjon, før styret sitt framlegg vert lagt fram på ordinært eller ekstraordinært årsmøte."

- Årsmøte drøfta saka og prosessen
- *Styret sitt framlegg vart vedteke mot ei røyst*

Forslag 2:

Forslag om endring i Sogndal Idrettslag Fotball si lov under §2 med tillegg "§2a" med følgjande ordlyd:

"§ 2a Klubbfargar, klubbmerke og heimebane:

Sogndal Fotball sine basisfargar er kvit og svart. Klubbmerket er svart, kvit, grå og ein enkel sirkelgul farge i logoen. Sogndal Fotball si heimebane er Fosshaugane Stadion."

- Vidar Vadseth representerte forslagsstillar og motiverte for forslaget
- Knut Armand Iversen la fram styret si tilråding.

På same måte som forslagsstillar ser styret i SF behov for å ivareta historia og tradisjonen til draktene, logoen og stadionnamnet til laget. Styret har òg ansvaret for den økonomiske handlekrafta til klubben, noko som er vesentleg for klubben si drift og sportsleg utvikling, no og i framtida. Når det gjeld namnet i dag, Fosshaugane Campus, tek det vare på både tradisjonen og historia i namnet Fosshaugane, som forslagsstillar skriv:

«naturleg møteplass heilt attende frå eit typisk jordbruksområde frå 1800-talet»

... og notida sin Campus, som ifølgje Store Norske Leksikon:

«er eit område knytt til universitet eller høgskule og vert gjerne kalla universitetsområde. Ordet vert særleg brukt når dette området ligg utanfor sjølv bysentrumet. Campusen har gjerne fleire bygningar, park, bibliotek og idrettsanlegg for studantar og tilsette.»

Knut Armand formidla si oppleving av at eldre Sogndøler er bunden til namnet Fosshaugane, medan dei nye generasjonane berre brukar Campus i dag. Han oppsummerte med at: Styret ser argumentet med forslaget, men meiner at eit slikt vedtak vil avgrense administrasjon og styret sin økonomiske handlekraft mot moglegheit til å selje (deler av) stadionnamnet. Styret er og usikker på om dette er eit vedtak årsmøte i klubb kan gjere då det er Fosshaugane AS som eig stadion. Styret i Sogndal Fotball ber om tilslutning til å avvise forslaget.



- Årsmøte drøfta så historia og prinsipp for namneval gjort tidlegare, logoar og slagord.
- Årsmøte stemte så over framlegget frå Lunden. Dette fekk to stemmer og falt.

11. Vedta budsjett – Ingrid Narum orienterte om prosessen, grunnlaget og om budsjettet.

- Årsmøte vedtok budsjettet utan merknader.

12. Vedta endring av vedtekter.

Reviderte vedtekter oppdatert i tråd med gjeldande lovnorm frå NIF. Ingrid Narum orienterte om at førelegne endringar er i tråd med gjeldande lovnorm frå NIF.

- Styret sitt framlegg vart vedteke.

13. Val

- Styre med leiar, nestleiar og 3-7 styremedlemmer
 - o Prosess:
 - Ingen frå valnemnda var på møte. Dirigent Helle las først opp ei orientering frå dei om arbeidet. Så las han opp innstillinga til styre.
 - Innstillinga er i tråd med reglane, slik dirigenten forstår det, både kjønnsfordeling og tal medlemmar i styret er i tråd med NIF si lov. Med mindre årsmøte ber om dette no er her ikkje krav om suppleringsval.
 - Årsmøte vel separat leiar og nestleiar, så styremedlemmane samla.
 - o Val
 - Attval på styreleiar Jan Rune Årøy for 1 år (ikkje på val som medlem).
- Samrøystes vedteke
 - Attval på Trude Ramstad som nestleiar for to år.
- Samrøystes vedteke
 - Attval på Nina Munthe Olsen og Øyvind Heimset Larsen for to år.
- Samrøystes vedteke
 - Knut Armand Iversen, medlem og Tom Rune Kongelf, medlem (ikkje på val)
- Kontrollutval med 2 til 3 medlemmer
 - Leiar Karin Vikane (ikkje på val). Attval på Vidar Vadseth for to år.
- Samrøystes vedteke
- Valkomité med 2 til 3 medlemmer
 - Leiar Rasmus Mo (ikkje på val). Attval Jan Kjetil Fardal for to år, nytt medlem Jøril Hovland for to år.
- Samrøystes vedteke
- Val av revisor - Cedra Norge AS vart samrøystes valt.
- Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane.
 - Årsmøte gjev styret fullmakt til å utnemne representantane.
- Eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget.
 - Ingen andre val.
- Ordstyrar takk forsamlinga for gjennomføring.
- Styreleiar takka Arve Helle for god gjennomføring og møteleiing.



Årsmøte Sogndal Idrettslag Fotball
10. mars 2026

- Andrea Solbakken trer ut av styret og fekk blomar og takk frå styreleiar. Ho har gjort mykje godt for breiddefotballen. Tonje Tangerud vart takka for si innsats i valnemnd og får blomar overrekt seinare.

Protokoll signert: 11.03.2026



Margrethe Svidal



Sondre Bremer